

## Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

**Tid:** Onsdag 13. desember, kl. 12:00 – 13:00

**Stad:** Formannskapssalen, Midtgard

**Til stades:** Bjarne Eiolf Holø (BEH), Herdis Kvamme Repp (HKR), Terje Hoel (TH), Bjørn Bakke (BB), Roger Haugen (RH) og Trine Solberg Johansen (TSJ)

**Møteleiar:** Sekretær Trine Solberg Johansen og Ordførar Bjarne Eiolf Holø

### Møteagenda:

- Referat frå førre møte
- Trafikksikker kommune
- Søknad om tilskot til kommunale trafikktryggleikstiltak
- Brubakken – status
- Året som gjekk – neste år?
- Eventuelt

Nr	Sak	Ansvarleg
1	Referat frå førre møte vart gjennomgått og godkjent.	TSJ
2	<u>Trafikksikker kommune</u> Dokumentasjonen for å bli ein trafikksikker kommune er sendt inn til evaluering av Trygg Trafikk. Ein del nye dokument har blitt produsert i samband med dette. Ivar Ringen har sendt ut ein e-post til alle kommunane som skal bli trafikksikre i løpet av 2017 og informert om at resttilskotet på 80 00 kr utbetalast denne veka. Trygg Trafikk får tilsendt endeleg dokumentasjon saman med referatet frå møtet.	TSJ
3	<u>Søknad om tilskot til kommunale trafikktryggleikstiltak</u> Det er einigheit om at det trafikktryggleikstiltaket det må søkast tilskot til er Brubakken. Søknaden utarbeidast etter budsjettet er vedteke i kommunestyret 19. desember. Eit anna tiltak det kan søkast om er fotgjengarovergangen ved Utgard. Søknadsfristen er 15.januar 2018.	TH/TSJ
4	<u>Brubakken – status</u> Reguleringsplanen for Brubakken er utarbeidd av Nordplan, og saka skal behandlast i fyrste formannskapsmøte i 2018.  Trafikksikringsutvalet ynskjer at det skal gjerast endringar i plankartet. Det er ynskjeleg å ha ein anna formålsfarge på gang- og sykkelvegen gjennom skuleområdet, og ha eigen føresegn til denne. Dette for å hindre trafikk i form av gjennomfart, og for at skulen sjølv kan bestemme om vegen skal stengast for andre enn gåande på sikt, for eksempel «intern veg skuleområde». Nordplan på informerast om dette.	TSJ  TSJ
5	Året som gjekk – neste år? Det har vore totalt 5 møter i trafikksikringsutvalet i år, i tillegg til møtet med Trygg Trafikk, og informasjonsmøtet på Honne. Summert er det einigheit om at det har vore eit bra år på fleire områder, og at arbeidet for å bli trafikksikker kommune har kravd litt ekstra av alle. Handlingsplanen i trafikksikringsplanen reviderast neste år.  Hypigheita på mengde møter skal være etter behov, men om lag 4-6 gonger i året.	ALLE  TSJ

6

Eventuelt

Det er gjennomført synfaring i Brubakken ved barnehagen, om mellom undergangen ved rv.15 og Lom ungdomsskule. Ottadalen installasjon har gitt kommunen eit prisoverslag på kor mykje ei betre belysning i områda vil koste. Det er tenkt å bruke midlane for Trafikksikker kommune på tiltaka. **LMP**

Det er og komme innspel om dårleg belysning ved fotgjengarovergangen ved Utgard, og at det ved fotgjengarovergang ved Fjellsenteret og Loar området har oppstått ein uheldig situasjon med brøytekantar/oppsamling av snø inntil overgangen. Dette gjer at born kan vera vanskelege å oppdage. **TH/LMP**

Det informerast om dårleg belysning ved barnehagen i Garmo mot gamle barneskulen. **TH/LMP**

Ein av foredragshaldarane frå samlinga på Honne skal komme til Lom og halde foredrag på skulen 18.januar 2018. Skulen i Skjåk er også inviterte.

Det er ofte kaos ved Norsk Fjellsenter når det haldast arrangement. Det er spesielt vegen mot Lykkja som vert sperra for utrykkingskøyretøy. Det bør sendast eit brev til fjellsenteret og informere om at det skal skiltas om at parkering er forbode på denne vegen med omsyn til trafikktryggleiken. **TSJ**

Det bør sendast eit brev til Best, da set er dårleg sikt ut på Fv. 55 frå baksida av stasjonen grunna lagring av mykje reiskap og anna materiale. Same type brev som til fjellsenteret. **TSJ**

Det bør skiltast /merkast internt rundt biblioteket som einvegskøyring. **KF**

Sendast til:

Utvalsmedlemmer  
Trygg Trafikk  
Leif Morten Plassen  
Kåre Frydenlund

**TSJ**